

Føredrag med smak

Søndag 17. august vil matkulturbæreren Magnhild Dyrdal gjesta bokkafeen i Eknesvågen. Ho skal fortelja om tradisjonsmat frå Nordhordland, med utgangspunkt i eigen oppvekst.

Dette er det andre av i alt seks føredrag Eknesvågens Venner skipar til under Kystsogeveke 2014. Magnhild

Dyrdal er fødd og oppvaksen i Dyrdal. Her har ho, med unntak av nokre år på Dale, budd og arbeidd som bonde, kokk og lokal matprodusent. Ho har heile vegen vore oppteken av rein mat utan tilsetjingsstoff, kortreist mat og oppbevaring og konservering av mat. Meir informasjon finn du på eknesvaag.net.

Frå vikingland til Amerika

Vestnorsk utvandringssenter på Sletta og Lyngheiseret på Lygra inviterer til familiedagen «Frå vikingland til Amerika» søndag 17. august. Arrangementet er ein del av Kystsogeveke 2014.

– Me inviterer til familieaktivitetar på begge sider av sundet. Ein skyssbåt skal gå i shuttletrafikk mellom Lygra og Sletta slik at folk kan få med seg det som skjer

ved begge museum denne dagen, fortel Ida Dyrkorn Heierland ved Vestnorsk utvandringssenter. På Lyngheiseret kan folk mellom anna ta del i brygging av steinøl, smiing, veving og vikingleikar.

På Sletta blir det liv og røre i emigrantlandsbyen.

– Me har laga ei rekkje aktivitetar knytte til det å vere nybyggjar, seier Heierland. Det blir mellom

anna høve til å skyte med pil og boge, kaste lasso, lage reiskap av stein, lage perlearmband, delta i gullgraving og lage amerikabrev. I det gamle rådhuset blir det rigga til eit eige fotostudio der heile familien kan kle seg opp i gamle amerikaklede, bli fotografert og få med seg bilete heim.



KULEHOL: «Fiskarkåno» er delvis øydelagt etter at nokon har skote på kunstverket med gevær.

Foto: Privat

Står heilt utan spor

Politiet har ikkje fått inn nokon tips i saka som er oppretta etter hærverket «Fiskarkåno»

Av Stig Elliott
stig@strilen.no

– I verste fall må me leggja vekk saka. Me er heilt avhengige av tips frå publikum. Difor håpar eg at folk tar kontakt, dersom dei veit eller har høyrte noko, seier lensmann Kjell-Idar Vangberg.

Same helga som «Verdas lengste sjømatbord» gjekk av stabe-

len på Lindås, var det opning av ei utstilling ute i det fri i Lindåsane. Glaskunstnar Turid Grov sitt bidrag er kunstverket «Fiskarkåno». I juli, knapt ein måned etter at utstillinga opna, sytte vandalar for å delvis øydelegga kunstverket. Akkurat kor tid det skjedde, er litt uklart. Men det blei oppdaga i veke 29, mellom 14. og 19. juli.

«Fiskarkåno» fekk eit skjemande kulehol etter at nokon skaut på verket, etter alt å dømma med jaktgevær. Elisabeth Tonheim, som var tilretteleggar for den folkefesten i samband med sjømatbordet, var særskuffa over det som har hendt. Ho melde hærverket til politiet.

– Kven er det som har eit jaktvåpen med seg i båten, og som

gjer noko slikt, sa Tonheim. Dette lurer sjølv sagt politiet også på. Men slik saka står no, har Kjell-Idar Vangberg ikkje store håpet om oppklaring.

– Me har ikkje ressursar til å starta storstilte spørjeaksjonar i området for å få avklart om det kan ha vore vitne til hendinga. Me må få informasjon frå pu-

blikum, elles kjem me til å leggja vekk saka, seier Vangberg.

Drømmedag for bilfolket

– Kom med den bilen du trivst best med, og vis den fram, oppfordrar Amcar Askøy.

Av Anne-Lise Nordpoll
anne@strilen.no

Søndag arrangerer dei Right On Bil & MC mønstring på

Sartor senter. Ein draumedag for alle som elsker bil og MC. Her er alle velkommen enten kjøretøyet er gammalt eller nytt, originalt eller ombygd, europeisk, asiatiske. Dei håpar å samla både gatebilar, amcars, sportsbilar, veteranar, cruisers, hot roads, 4&4, Cafe, racers, fulldressers og choppers. Målet

er å visa fram det beste Vestlandet har å by på, og det vert premiering av dei finaste kjøretøya. Arrangørane håpar sjølv sagt på sol, så det kan skinna i blankpolert lakk, men skulle det mot alle odds bli regnvêr, så har dei mulegheit til å flytta det heile inn i parkeringshuset ved senteret.